



LINDÅS KOMMUNE

Arealdelen av kommuneplanen 2011–2023

Konsekvensutgreiing og arealvurderingar

2. gongs offentleg ettersyn 8.6.2011 – 20.7.2011



DER DRAUMAR BLIR
RØYNDOM



Konsekvensutgreiing og arealvurderingar
2. gongs offentleg ettersyn 8.6.2011 – 20.7.2011

Arealdelen av kommuneplanen 2011–2023
Lindås kommune

Utarbeidd av:
Vigleik Stusdal, Lindås kommune, arealplan

Dato: 25.5.2011

Innhald

S26, Kjeviktangen.....	4
S25 og P7, Eidsnes	5
S4, Bjørsvik	6
S27, Vabø	8
B33, Eikanger	9
B34, B35, B36, B43, B44, B45 og B46, Leiknes	10
B37, Sellevoll.....	12
B38, Monstad	14
B40, Myking.....	15
Spreidd busetnad Myking	17
B41, Fammestad	19
B42, N11 og S22, Titland.....	20
P8, Stranda	21
A13, Ostereidet.....	22
SN2 og SN3, Spurkeland.....	23
SN1, A1, A2 og #10, Dyrkolbotn	25
Ny gardsveg til Dyrkolbotn	27
SF1, Nappane	28
SF1, Nappane	29
Turveg på Stranda.....	30
AN1 og FB13, Myksvoll	31
AN17, Lauvås	33
Spreidd naust #1, Vikane.....	34
Spreidd naust #2, Kvamsvåg	35
Spreidd naust #4, Hoplandsvågen	36
Spreidd naust #5, Fammestadvågen	37
Akvakultur Langøy	38
Akvakultur Ådnøy	40
Akvakultur Ospeneset.....	41
Hodnali	43
Gjelsvik.....	43
Veland	44
Gangstø.....	45
Padøy	45
B39, Seim.....	46
Nautevågen (badeområde)	46
F15, Trossavatnet (badeområde).....	47
oK4, Fosse (omsynssone kulturmiljø)	47
Myking middelalderkyrkjegard	48

S26, Kjeviktangen

Eigedom: 177/1

Storleik: Ca. 19 dekar

Noverande arealbruk: LNF, fleirbruksområde i sjø

Føreslått arealbruk: Småbåthamn i sjø og på land

Områdeskildring: Området ligg like nord for avfallsdeponiet i Kjevikdalen og neset er frå før urørt av inngrep. Det er planar om å etablera kring 200 båtplassar. Det er ønskje om å etablere gjesteplassar, vass- og drivstoffylling, tømestasjon m.m. Det er tenkt parkeringsplass ved anlegget og det vil verta naudsynt med ny vegframføring. I tillegg er det planar om å få etablert busstopp og gangveg til anlegget.

Vurdering ut frå målsetjingane: Innspelet er i samsvar med måla om at det skal leggjast til rette for bruk av sjøen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar. Av målsetjingane går det òg fram at behovet for naustfunksjonar skal dekkast i tilknytning til småbåthamnene og at det skal sikrast god tilkomst, areal for parkering og areal for allmenta.

Måloppnåing: Høg

Konflikt med andre målområde: Ingen



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Området ligg i eit småvåg- og smalsundlandskap som i dag er urørt. I eit slikt landskap vil store inngrep lett bli dominerande. Området vender ut mot eit landskap karakterisert som småfjord og storsund, som lettare tek inngrep opp i seg. Fjernverknadene vert difor ikkje så store. Tiltaket vil krevja ein del inngrep på land for parkering, vegframføring m.m.
Friluftsliv	Låg	Middels negativ	Ubetydeleg	Området er ikkje særleg aktuelt for friluftsliv frå landsida eller for landhogg med båt. Tiltaket vil medføra privatisering av areala, då anlegget truleg verta stengd for uvedkomande.
Naturmangfald	Høg	Middels negativ	Middels negativ	I Naturbase er det registrert beiteområde for Kvinand utanfor Nesfossen settefiskanlegg, ca. 750 m unna. Det er lite truleg at dette området vil verta påverka negativt. I Artskart er det opplysningar om registreringar i blautbunn, der blant anna den sårbare blautdyrarten <i>Mya arenaria</i> er registrert nær området (presisjon 25 m). Området ligg òg nær ein registrert gyteplass. Utslepp frå anlegget kan ha negativ effekt på botnlevande dyr og gyteplassen. Området har frå før avrenning frå avfallsdeponiet.

Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk til landbruk.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for befolkninga si helse, då det ikkje bur folk nær området.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Middels negativ	Middels negativ	Vil medføra noko auka trafikk på FV57 og på sjøen. Størst risiko er knytt til avkøyrsla, men òg havnivåauke er relevant. Sistnemnde vert teke omsyn til gjennom føresegnene til planen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke, trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Middels negativ	Middels negativ	Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil auke utsleppa av klimagassar. Tilkomsten til området vil i hovudsak vera bilbasert, men det er tenkt tilrettelagt med busstopp.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Middels negativ	Samla konsekvens vert ut frå omsyn til landskap, naturmangfald, risiko og klima vurdert som middels negativ.
Konklusjon				Tiltaket har høg måloppnåing og vil dekkja behovet for båtplassar for eit stort omland. Det er stort behov for større småbåthamner i regionen. Området er ikkje i konflikt med bustadinteresser eller allmene interesser i strandsona. Konsekvensane vert difor vurdert å vera akseptable.

S25 og P7, Eidsnes

Eigedom: 215/1

Storleik: Ca. 2 dekar

Noverande arealbruk: LNF, fleirbruksområde i sjø (tidlegare låssetjingsplass utgår)


Føreslått arealbruk: Småbåthamn i sjø, parkering på land

Områdeskildring: Området ligg i ei lita lun og grunn bukt ved fylkesvegen på Eidsnes. Det er planar om å etablere ei småbåthamn/flytebrygge med inntil 20 båtplassar.

Vurdering ut frå målsetjingane: Innspelet er i samsvar med måla om at det skal leggjast til rette for bruk av sjøen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar. Av målsetjingane går det òg fram at areal for parkering og areal for allmenta skal sikrast.

Måloppnåing: Høg

Konflikt med andre målområde: Ingen



Detaljert vurdering:				
Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Osterfjorden). Området er ei lita vik som ligg skjerna for innsyn frå fjorden og landskapsverknaden av tiltaket vert berre lokal. Området er før sterkt prega av vegfylling.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv frå landsida eller for landhogg med båt. Tiltaket vil i mindre grad føra til privatisering av området.
Naturmangfald	Middels – høg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg innafor omsynssone naturmiljø oN114, som er ynge- og rasteområde for andefuglar. Det er i Artskart registrert fleire sårbare og nær truga fugleartar i området. Anlegget er lite og vil i ubetydeleg grad påverka området sin verdi for fuglelivet.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk til landbruk.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for befolkninga si helse.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Noko risiko knytt til avkøyrsla til parkeringa. Havnivåauke vil i svært liten grad påverka tiltaket. Sistnemnde vert teke omsyn til gjennom føresegnene til planen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke, trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil kunna auke utsleppa av klimagassar noko.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Alle vurderingstema vil medføra ubetydeleg konsekvens.
Konklusjon				Tiltaket har høg måloppnåing og det er svært få båtplassar tilgjengeleg i dette området, samstundes som samla konsekvens er ubetydeleg.

S4, Bjørsvik

Eigedom: 231/70

Storleik: Ca. 2,7 dekar

Noverande arealbruk: Fleirbruksområde i sjø


Føreslått arealbruk: Småbåthamn i sjø

Områdeskildring: Området ligg i Bjørsvik, der det frå før ligg ei flytebrygge med plass for 24 båtar. Området er ei trong vik som er godt skjerna for vêr og vind. Det vert føreslått å leggje ut eit areal for småbåthamn rundt eksisterande hamn, og slik at det vert rom for utviding. Ved første gongs høyring var arealet kring 2 dekar, det er no føreslått utvida til 2,7. KU er justert på bakgrunn av dette.

Vurdering ut frå målsetjingane: Innspelet er i samsvar med måla om at det skal leggjast til rette for bruk av sjøen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar. Av målsetjingane går det òg fram at det skal sikrast god tilkomst, areal for parkering og areal for ålmenta.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Bustader



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Osterfjorden). Området er ei vik som ligg skjerma mot innsyn frå fjorden. Utviding av småbåtanlegget vil endra preget av den indre vika.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona er bygd ned med kai og parkering, og tiltaket vil difor ikkje gå ut over friluftslivet.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller truga artar vil verte råka av tiltaket. Det er eit beite-/rasteområde for andefuglar litt lenger ute i vika (oN55)), men her vil ikkje vere nokon vesentleg konflikt.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje påverke landbruksinteresser.
Helse	-	Liten negativ	Liten negativ	Anlegget vil medføre noko støy og ulemper for hus og hytter som ligg inntil.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Ingen registrerte kulturminne i området, men området er eit attraktivt og bevaringsverdig kulturmiljø, med eldre bustadhus og tidlegare hermetikkfabrikk. D/S Oster har fast kaiplass her.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg auka trafikkrisiko. Når det gjeld havnivåauke, vert dette teke omsyn til gjennom føresegnene til planen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil auke utsleppa av klimagassar noko.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Middels negativ	Tiltaket vert samla sett vurdert å ha middels negativ konsekvens, med vekt på dei uheldige verknadene for landskap/kulturmiljø.
Konklusjon				Innspelet vert teke med i planframlegget, då det er i samsvar med målsetjingane. Då det allereie er etablert eit småbåtanlegg her, vil det vere naturleg å byggje vidare på dette. Det er elles vanskeleg å finna naturleg gode hamner i Ostereidet-området.

S27, Vabø

Eigedom: 102/8

Storleik: Ca. 0,7 dekar

Noverande arealbruk: Fleirbruksområde i sjø


Føreslått arealbruk: Småbåthamn i sjø

Områdeskildring: Området ligg på Vabø og i nærleiken av mange bustad- og hytteeigedomar, slik at det er stort behov for båtplassar her. Det er etablert ein del mindre flytebyggjer i området samt ein del naust. Området ligg ut mot fjorden og har ikkje veg heilt fram. Det er frå før eit naust og ei godkjend flytebyggje i området. Det er i utgangspunktet planlagt knapt 20 båtplassar. KU for dette området er revidert i høve til første gongs høyring på bakgrunn av nye opplysingar.

Vurdering ut frå målsetjingane: Innspelet er i samsvar med måla om at det skal leggjast til rette for bruk av sjøen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar. Av målsetjingane går det òg fram at behovet for naustfunksjonar skal dekkast i tilknytning til småbåthamnene og at det skal sikrast god tilkomst, areal for parkering og areal for ålmenta.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Strandsone



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Middels negativ	Liten negativ	Området ligg i eit landskap klassifisert som breie fjordløp og fjordmøter (Austfjorden). Småbåtanlegg av eit større omfang vil alltid ha negative verknader på landskapet. På grunn av eit ope og vidt landskap, vil tiltaka her ikkje verte dominerande. Øyene som ligg utanfor skjermar mot den opne fjorden.
Friluftsliv	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Strandsona er eit viktig område for friluftsliv, og særleg i eit område som her, der det er mange hus og hytter og stort press på strandsona. Strandsona i området er skuggefull og botnen utanfor er grunn evjebotn som ikkje eignar seg for bading eller fiske frå land. Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg meir privatisering enn eksisterande naust og flytebyggje.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller truga artar i området.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk til landbruk.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for befolkninga si helse.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje medføre vesentleg auka risiko. Når det gjeld havnivåauke, vert dette teke omsyn til gjennom føresegnene til planen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>

Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaka vil leggje til rette for motoriserte fritidsaktivitetar, noko som vil auke utsleppa av klimagassar noko.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvensen vert vurdert å vere liten negativ ut frå konsekvensar for landskap og friluftsliv.
Konklusjon				Område for ei større flytebryggje vert teke inn i planforslaget ut frå at tiltaket er i samsvar med målsetjingane og berre har liten negativ konsekvens. Utan vegframføring og parkeringsareal på land vert inngrepa i terrenget små.

B33, Eikanger

Eigedom: 212/15, 43 og 45

Storleik: Ca. 4 dekar

Noverande arealbruk: Fritidsbustad


Føreslått arealbruk: Bustadføre mål

Områdeskildring: Området består av hytter som ligg i eit utprega bustadområde, og ein ønskjer å endra arealbruken til bustadføre mål. Infrastruktur er på plass med veg heilt fram. Området ligg i strandsona. KU for dette området er revidert i høve til første gongs høyring på bakgrunn av ny informasjon og nye vurderingar.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tomtene vil verte attraktive, ha kort avstand til skule og kollektivknutepunkt og vil styrke grenda. Feltet vil i nokon grad kunne redusere trongen for transport. Styringsgruppa har dessutan eit uttalt ønske om å unngå blanding av bustad- og fritidsbustadføre mål.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Strandsona.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Osterfjorden). Landskapet nær sjøen er ein viktig opplevingskvalitet, men sidan tomtene nærast sjøen er bygd på, vil endring til bustad ikkje ha stor landskapsverknad.
Friluftsliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona langs sjøen er viktig for friluftsliv, og området i nordaust er ein attraktiv fiskeplass frå land. Omgjering til bustadføre mål av tomtene vil ikkje medføre auka privatisering av strandsona, då

				konfliktane ofte er størst med fritidsbustader. Med reguleringsplan kan strandsoneverdiene verta betre sikra og det kan setjast av areal for allmenta.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg inntil omsynssone naturmiljø oN114, som er ynge- og rasteområde for andefuglar. Det er i Artskart registrert fleire sårbare og nær truga fugleartar i sjøområdet. Tiltak på eigedomen vil ikkje ha påverknad på fuglelivet.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen negative verknader for landbruket.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Utbygginga vil ikkje medføre vesentleg auka risiko. Den eine hytta ligg ca. 3 m over havnivå, noko som må takast høgd for i planlegginga. Er gang- og sykkelveg langs E39 samt undergang. Ikkje gang- og sykkelveg heilt fram til skulen. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke, trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Medfører i liten grad auka bilbruk og ureining som følgje av dette, med kort veg til busstopp og skule.
Born og unge	Låg	Liten positiv	Liten positiv	Kort veg til skule og attraktivt bustadområde.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert som ubetydeleg under føresetnad av at strandsoneverdiene vert sikra gjennom reguleringsplan.
Konklusjon				Tomtene vert tekne med i planen som bustadføremål, og dermed endra frå fritidsbustadføremål. Det vert ikkje sett byggjegrænse mot sjø i kommuneplanen, då dette bør avklarast nærare ved regulering.

B34, B35, B36, B43, B44, B45 og B46, Leiknes

Eigedom: 195/71, 36, 52, 50, 51, 75 og 194/8

Storleik: Totalt ca. 10 dekar

Noverande arealbruk: Fritidsbusetnad


Føreslått arealbruk: Bustadføremål

Områdeskildring: Eigedomane er fritidseigedomar som ligg i eit utprega bustadområde, og ein ønskjer å endra arealbruken til bustadføremål. For B34 er det grunneigar som har kome med innspel om dette, dei andre eigedomane vert føreslått endra etter drøfting i styringsgruppa. Infrastruktur er på plass med veg heilt fram til eigedomane. Delar av området ligg i strandsona.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tomtene vil verte attraktive for busetnad, ha kort avstand til kollektivknutepunkt og vil styrke grenda. Feltet vil i nokon grad kunne redusere trongen for transport. Styringsgruppa har dessutan eit uttalt ønskje om å unngå blanding av bustad- og fritidsbustadføremål.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Strandsone, støy.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Osterfjorden). Det er først og fremst fjordlandskapet som har verdi her, men området grensar òg inntil eit verdfullt kulturlandskap. Med byggjegransa som er sett i plankartet, vil bygging på B34 og eventuelt utviding av bygningsmassen på dei andre eigedomane ha ubetydeleg verknad på landskapet, då tiltaka vil føya seg inn blant eksisterande bygningsmasse.
Friluftsliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området har god tilgang på friluftsområde i nærliken, blant anna Gladihaug. Strandsona langs sjøen er viktig for friluftsliv der den er tilgjengeleg. I dette området er det bratt ned mot sjøen, og område attraktive for allmenta ligg eit lite stykke mot vest og aust for dette området. Omgjering til bustadføre mål av tomtene vil

				ikkje medføra auka privatisering av strandsona, då slike konflikter ofte er størst med fritidsbustader. Med reguleringsplan for utbygging av B34, vil strandsoneverdiene verta sikra med passasje ned mot sjøen og eventuelt tilrettelegging dersom det let seg gjera utan for store inngrep. Byggjegransene mot sjø er sett ut frå landskapsomsyn og ivaretaking av urørt strandsone. Ingen nye bygg vil kunna koma nærare sjøen enn eksisterande utbygging.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje registrert viltinteresser eller verdfulle naturtypar i området. Er ikkje i konflikt med registreringar av sårbare/truga artar i Artskart.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen negative verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helsa. B46 er utsett for vegtrafikkstøy og vil krevja skjermingstiltak. Dette er ivareteke i føresegnene.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Krysset til E39 er farleg og det manglar gang- og sykkelveg fram til skulen. Dagens situasjon vil ikkje endrast drastisk. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Medfører i liten grad auka bilbruk og ureining som følgje av dette, med kort veg til busstopp.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Endringa vil ikkje medføra vesentlege konsekvensar for born og unge sinne interesser.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert som ubetydeleg.
Konklusjon				Tomtene vert tekne med i planen som bustadføremål, og dermed endra frå fritidsbustadføremål. Byggjegransa mot sjø ivaretek strandsoneverdiene på ein god måte.

B37, Sellevoll

Eigedom: 147/86, 74, 42, 65

Storleik: Ca. 10 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Fritidsbusetnad og bustadføremål


Områdeskildring: Forslaget gjeld omgjerding av eksisterande hyttetomter frå LNF til bustad- og fritidsbustadføremål. Tomtene ligg i inntil eit område som er vist som hytteområde i eksisterande arealdel og vil naturleg "fylla ut" hol i dette området.

Ved andre gongs høyring vert to av eigedomane, gnr./bnr. 147/42 og 147/63, føreslått endra til bustadføremål. KU er oppdatert med omsyn til dette.


Vurdering ut frå målsetjingane: Forslaget til fritidsbustadareal er ikkje i samsvar med målsetjingane, då området ikkje ligg i utkanten av kommunen. Samstundes er dette eit etablert hyttefelt, og det meste av arealet er allereie bygd på. Tiltaket er i samsvar med målet om at nye hytteområde ikkje skal koma i konflikt med viktige samfunnsinteresser. Endring til bustadføremål for to av tomtene vil ikkje medføra blanding av bustader og fritidsbustader.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Plankart ved første gongs høyring.



No foreslått endra til bustadføremål.

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Arealet litt inntil eit etablert hyttefelt og er for ein stor del bygd på frå før. Det vil ikkje kunna koma bygg nærare sjøen som følgje av endringa.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er for ein stor del privatisert frå før. Endring av arealkategori og eventuelle nye byggetiltak ikkje vil endre på situasjonen. Det er berre området ned mot sjøen som har verdi for friluftslivet, og dette vil ikkje verte meir pressa som følgje av endringa.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar i området.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Heilt i nord og sør grenser dei aktuelle areala mot dyrka mark. Dei to aktuelle tomtene er bygd på frå før, slik at dette ikkje vil medføre auka konflikt med landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje medføre verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Fylkesvegen har dårleg standard og manglar naudsynte sikringstiltak. Det er starta opp reguleringsarbeid for den farlegaste del av strekninga. Avstanden gjer at det vil bli skuleskyss, noko som reduserer risikoen ein del. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Utbygging av hytter og etablering av fast busetnad vil medføra auka transport.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Vil ikkje medføra vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg, ettersom dei fleste tomtene er bygd på frå før eller ligg inntil eksisterande utbygging.
Konklusjon				Forslaget vert teke med i planframlegget, då dette vil medføre ei meir naturleg avgrensing av hytteområdet. Eventuelle nye fritidsbustadeiningar vil truleg få rekkefølgjekrav i påventa av opprusting av fylkesvegen. Etablering av fast busetnad er positivt for grenda.

B38, Monstad

Eigedom: 155/2

Storleik: Ca. 44 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Bustadføresmål


Områdeskildring: Det føreslåtte bustadarealet på Monstad ligg knappe 4 km frå Seim. Området er frå før spreiddbygd med gardshus og frittliggande bustadeigedomar. Området består av tilplanta granskog (no uthogd), blandingsskog og attgroande beite.

Vurdering ut frå målsetjingane:

Bustadområdet er attraktivt og har relativt kor avstand til skulen. Vil styrke grenda. Feltet vil auke trongen for transport.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Strandsone, landbruk.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Seimsfjorden). Det går ein rygg midt gjennom området, som gjer at ein del bustader vil verte noko eksponert i landskapet. Samstundes ligg det eit anna høgdedrag mellom dette og sjøen, noko som dempar verknaden p på landskapet. Bustadfeltet vil verta eit innslag som bryt med kulturlandskapet.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Mot nord ligg området på det næraste kring 50 m frå strandlina slik den er vist på kartet. Strandsone ligg truleg lenger unna, då det går ein steingard over det som er vist som sjø. Usikkerheita har truleg samanheng med at dette er eit elveutløp. Elles ligg området godt over 100 m frå sjøen, og er ikkje i konflikt med allmene interesser i strandsone. Området elles er har låg verdi for friluftsliv, då det delvis er bratt og delvis har vore tilplanta med gran.
Naturmangfald	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Ingen eksisterande registreringar tydar på området har verdi for biologisk mangfald. Det renn ei elv gjennom området i nord, og generelt er det uheldig å øydelegga vassdragsmiljø. Vassdraget bør sikrast ivareteke i samband med regulering.
Landbruk	Låg/middels	Liten negativ	Liten negativ	Området grensar inntil landbruksareal, men råkar dei ikkje direkte. Delar av området er truleg tidlegare beitemark, men neppe dyrkbar jord. Vegframføringa vil gå over dyrka mark.

Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helse.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området vil medføra ein god del meir trafikk på fylkesvegen. Dette vil ha verknader for trafikktryggleiken, ikkje minst på Seim, der det enno manglar tilfredsstillande gang- og sykkelvegnett. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Stor negativ	Stor negativ	Utbygginga vil medføra mykje ekstra biltrafikk, då området har dårleg kollektivdekning og ligg langt unna butikk og annan service.
Born og unge	Låg	Middels negativ	Middels negativ	Området vil kunna få positive kvalitetar for born og unge, men det er lang veg til andre fritidstilbod.
Samla vurdering			Middels negativ	Samla konsekvens vert vurdert som middels negativ ut frå landskapsverknad, vassdraget som går gjennom området og auka transport.
Konklusjon				Området vil gje eit tiltrengt bustadtilbod i nærleiken av Seim og byggja opp under den nye skulen som skal byggjast der. Det er vanskeleg å finna eigna bustadareal i Seimsgrenda som ikkje er for konfliktfylte, og dette vil kunna vera eit godt alternativ som ivaretek landbruks- og kulturlandskapsinteressene på ein betre måte enn andre vurderte forslag, som ikkje er tekne med i planen.

B40, Myking

Eigedom: 37/3, 28 og 9

Storleik: Ca. 2,3 dekar

Noverande arealbruk: Næringsføremål


Føreslått arealbruk: Bustadføremål

Områdeskildring: Det største bygget på kaien var tidlegare meieri med bustad i andre høgda. Bak dette låg det eit sagbruk, òg med bustad i andre høgda. Det låg òg eit bakeri i området. I bustaden, som grensar inntil området, var det tidlegare butikk. Området er i dag ikkje aktuelt for næringsverksemd, og ein ønskjer heller å utvikle området til bustad.

Vurdering ut frå målsetjingane: Areal nær sjøen er attraktive som bustadområde. Tiltaket vil medverka til å styrka grenda, ligg i tilknytning til eksisterande infrastruktur og vil i nokon grad medverka til å redusera trongen for transport. Tiltaket vil ikkje styrke senterområda i kommunen.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Strandsone.



Detaljert vurdering:				
Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Hindenesfjorden). Det frå før ulike bygg i området, og ei vidare utvikling med bustader vil ikkje ha stor verknad på landskapet, men vil endra karakteren av området.
Friluftsliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i strandsona, der allmenta sine interesser generelt står sterkt. Området er i stor grad påverka av tidlegare og eksisterande inngrep, og strandsona her er ikkje viktig for allmenta i dag. Området like nordom er sett av til badeområde og det i føresegnene går det fram at det skal leggjast særleg vekt på allmenta sine interesser ved regulering av området. Det er difor òg naturleg at badeplassen mot nord vert regulert saman med bustadområdet. Det vert ikkje sett byggjegrænse mot sjø i kommuneplanen, då dette bør avklarast nærare ved regulering.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekemstar, viktige naturtypar eller trua artar vert råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje landbruksareal.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Området er eit gammalt kulturmiljø som viser området si historie som handelsstad og trafikknutepunkt (rutebåtanløp). Meieribygningen står framleis, og bør ivaretakast. I dei generelle føresegnene går det fram at "verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand".
Risiko og sårbarheit	-	Middels negativ	Middels negativ	Havnivåauke og stormflo kan medføre risiko i området. Dette må takast omsyn til ved utbygging. I dei generelle føresegnene går det fram at "planlegging og utbygging skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand (2,5–3 meter)". <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Området har dårleg kollektivdekning, men kort veg til skule. Tiltaket vil i nokon grad medføra auka transport.
Born og unge	Låg	Liten positiv	Liten positiv	Det er ikkje indikasjonar på at området eri bruk av born og unge i dag. Bustadområdet vil kunna få positive kvalitetar for born og unge, med kort veg til skule.
Samla vurdering			Middels negativ	Samla konsekvens vert vurdert som middels negativ ut omsyn til kulturmiljøet og havnivåauke.
Konklusjon				Næringsarealet vert endra til bustadføre mål med plankrav, dette for å sikra at området vert rusta opp og tilgjengeleg for allmenta. Reguleringsplanen skal ta særleg omsyn til allmenta sine interesser, og ein må planlegga for auka havnivå.

Spreidd busetnad Myking

Eigedom: 37/3, 9, 12 m. fl.

Storleik: Ca. 41 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Bustadføremål, naust, småbåthamn m.m. (endra til spreidd bustadbygging)

Områdeskildring: Området ligg i ei vik og skrånar nedover mot sjøen i søraust. Arealen består av lauvskog, barskog og innmarksbeite. Delar av området er bratt. Det ligg eit ubyggt område i nærleiken i gjeldande arealdel av kommuneplanen, slik at det er god kapasitet for utbygging i området frå før. Dette har ikkje vist seg å vere attraktivt nok, og vil verte vurdert teke ut ved neste revisjon dersom planlegging av området ikkje kjem i gang. I denne omgang vert det ikkje lagt opp til å ta ut ubygde område frå arealdelen. KU for dette området er noko justert frå første gongs høyring av planforslaget. Det vert føreslått å endra frå bustadføremål til LNF med opning for spreidd bustadbygging samt ei lita justering av avgrensinga ved offentleg ettersyn.


Vurdering ut frå målsetjingane: Arealen nær sjøen er attraktivt som bustadområde, men mykje av arealet er noko skyggefullt, då det ligg innunder ein åskam. Tiltaket vil medverka til å styrka grenda, ligg i tilknytning til eksisterande infrastruktur og vil i nokon grad medverka til å redusera trongen for transport. Tiltaket vil ikkje styrke senterområda i kommunen.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Landbruk.




Opprinnelege innspel



1. gongs høyring



2. gongs høyring – skråfoto



2. gongs høyring – plankart

Detaljert vurdering:				
Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil medføra inngrep i terrenget, men vil ikkje ha vesentleg negativ verknad på landskapet.
Friluftsliv	Låg	Liten negativ	Liten negativ	Området har ikkje særskild verdi som friluftsområde. Areala nærast sjøen er delvis privatisert frå før og ikkje i bruk til friluftsliv, med unntak av ei badevik som må takast vare på.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller trua artar vert råka. Det ligg nokre mindre bekkedrag øvst i området, men det vert ikkje rekna å vera særskilde verdiar knytt til desse.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Berre beiteområde vert råka. Ligg ikkje innafør kjerneområde landbruk.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helsa og ha god tilgang på uteområde.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Det er ingen registrerte kulturminne innafør området, men Myking kyrkjestad ligg på andre sida av vegen nordvest i området. Det er ikkje lov å byggja nærare kyrkja enn 60 m. Utbygging av området vil medføra at det samanhengande grøntdraget mellom den gamle handelsstaden ved sjøen og kyrkja vert delvis nedbygd. Dette kan påverka kulturmiljøet negativt.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Delar av arealet er bratt og alt er dekkja av forvitningsmateriale. Dei brattaste partia og områda kring bekkedraget kan vera utsett for flaumskred, men råkar ikkje området. Elles er området ikkje utsett for skredfare. Vegen fram til området er dårleg og auka trafikk vil medføra noko auka risiko. Det vert føreslått ei føresegn som seier at trafikksikringstiltak skal vurderast ved søknad om oppføring av bustad. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Området har dårleg kollektivdekning, men kort veg til skule. Tiltaket vil i nokon grad medføra auka transport.
Born og unge	-	Liten positiv	Liten positiv	Det er ikkje indikasjonar på at området er i bruk av barn og unge i dag, og her vil uansett finnast godt med erstatningsareal. Det er kort veg til skule og området vil gje eit godt oppvekstmiljø.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ ut frå omsyn til kulturmiljø og trafikktryggleik.
Konklusjon				Området vert teke med i planforslaget med redusert omfang i nord i høve til innspelet, og i staden utvida noko mot aust. Dette gjeld tomtene bnr. 43, 21 og 25. Slik unngår ein å koma for nær kyrkja og tek ut dei brattaste areala og areala nær bekken samt tek ut det minst attraktive bustadarealet. Området vert også avgrensa slik at badevika og strandsona generelt vert ivareteken. Eksisterande område for fritidsbusetnad vert endra til bustad for å unngå samanblanding av føremål. Det vert sett krav om å vurdere utbetring av vegen i samband med bygging. Område for naust og båtplassar

				vert ikkje teke med, då dette vert føreslått løyst i ei felles småbåthamn i nordsida av vika. Det vert sett av areal til badeområde. Arealet for bustad vert sett av til LNF med opning for spreidd busetnad. Området vert ca. 35 dekar stort og det vert opna for 8 bustader i planperioden.
--	--	--	--	---

B41, Fammestad

Eigedom: 24/4


Storleik: Ca. 6,5 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Bustadføremål

Områdeskildring: Området ligg som ei forlenging av eit lite bustadområde i eksisterande kommuneplan. Arealet består av skog og er sørvestvend.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tomtene vil vere relativt attraktive, styrker busetnaden i grenda. Tiltaket vil medføre meir transport.
Måloppnåing: *Delvis.*
Konflikt med andre målområde: *Landbruk.*



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som vågsvatn (ved Tveitavatnet). Utbygginga vil vera ei forlenging av eksisterande bustadområde og vil ikkje ligga eksponert i landskapet. Vil ikkje påverka vassdragslandskapet.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekemstar, viktige naturtypar eller trua artar vert råka.
Landbruk	Låg	Liten negativ	Liten negativ	Området ligg inntil dyrka mark, noko som kan medføre driftsmessige ulemper. Ligg òg i utkanten av kjerneområde landbruk.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Bustadområdet vil kunne få gode kvalitetar som verkar positivt på helse og ha god tilgang på uteområde.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje utsett for naturfare og vil ikkje medføra vesentleg auka trafikkkfare. <i>Fareidentifikasjon:</i> <i>Ingen.</i>

Miljø og klima	-	Middels negativ	Middels negativ	Området har dårleg kollektivdekning og relativt lang veg til skule, slik at tiltaket vil medføra auka transport.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje indikasjonar på at området er bruk av born og unge i dag. Området vil ha relativt lang veg til skule, men her vil kunne verte eit godt bustadmiljø.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert som middels negativ ut omsyn til landbruk og transport.
Konklusjon				Næringsarealet vert endra til bustadføremål med plankrav for å sikra tilgang på bustadareal i grenda.

B42, N11 og S22, Titland

Eigedom: 129/2

Storleik: Ca. 7,5 dekar næring, ca. 8,8 dekar bustad, ca. 3,9 dekar småbåthamn

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: Bustadføremål, næringsareal og småbåthamn på land

Områdeskildring: B42 er ei utviding på 8,8 dekar av eit eksisterande bustadområde. Det ligg ein eksisterande bustad her og området omfattar arealet mellom fylkesvegen og eit tidlegare avsett bustadområde. N11 er tiltenkt næring tilknytt småbåtanlegget, og ligg inntil bustadområdet og eit dyrka areal i nord. For S22 vert arealet på land utvida/endra for å sikra betre landskapstilpassing og tilgang på parkering.

Vurdering ut frå målsetjingane: Utviding av bustadarealet vil medverka til å styrka busetnaden i grenda. Tiltaket vil medføre meir transport.

Måloppnåing: Delvis.

Konflikt med andre målområde: Landbruk, strandsone, landskap.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Liten	Liten negativ	Området ligg i eit landskap karakterisert som middels brei fjordløp og grensar inntil eit åslandskap i nord. Dette landskapet toler noko inngrep utan at dei vert for dominerande. Arealet for småbåthamn på land vil verta noko eksponert, men plasseringa er gjort med tanke på minst mogleg inngrep i terrenget. Bustad- og næringsarealet vil ha liten verknad for landskapet.

Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje særleg aktuelt for friluftsliv og vil ikkje påverka allmenta sine interesser i betydeleg grad.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller truga artar i området.
Landbruk	Låg	Liten negativ	Liten negativ	Næringsarealet vil råka noko dyrkbar mark og ligg inntil dyrka mark. Grensar inntil kjerneområde landbruk.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Bustadområdet vil kunna få gode kvalitetar, men det er lang veg til ulike servicetilbod. Næring inntil bustadområdet kan medføra støy og aktivitet som verkar negativt på folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Middels negativ	Middels negativ	Arealet er ikkje rasfarleg, med unntak av skrenten ned mot sjøen, som kan vera utsett for steinsprang. Dette er avmerka som faresone i plankartet, og må takast omsyn til ved regulering. Utviding av bustadområdet vil medføra auka trafikk på ein dårleg vestrekning. Området skal regulerast saman med tilgrensande bustadareal, og eventuelle rekkefølgjekrav som gjeld utbetring av vegen vil verta tema når det kjem til regulering. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik, steinsprang.</i>
Miljø og klima	-	Middels negativ	Middels negativ	Tiltaka vil medføra auka transport.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje indikasjonar på at området er i bruk av born og unge i dag. Tiltaka vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Liten – middels negativ	Samla konsekvens vert, ut frå omsyn til landskap, transport og trafikktryggleik, vurdert som liten til middels negativ.
Konklusjon				Utviding av bustadområdet er fornuftig arronderingsmessig og vil kunna bidra til positiv utvikling av grenda. Arealet for næring vil bidra til næringsverksemd knytt til småbåtanlegget, og vil òg vera positivt for grenda. Arealet for småbåthamn på land vil medverka er meir arealkrevjande enn tidlegare forslag, men vil gjera det enklare med god landskapstilpassing.

P8, Stranda

Eigedom: 11/91

Storleik: Ca. 1,8 dekar

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: Parkeringsareal

Områdeskildring: Området ligg inntil område sett av til bustadføre mål og fritidsbusetnad. Det er gjort tiltak på eigedomen frå før. Området ligg utanfor strandsona og i eit dalsøkk i terrenget.

Vurdering ut frå målsetjingane: Parkeringa vil kunna brukast for badeområdet og småbåthamna, og er såleis i samsvar med målsetjingane.

Måloppnåing: Delvis.

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Hindenesfjorden). Området er ikkje synleg frå sjøen og ligg i eit dalsøkk, slik at terrenngrepet får svært avgrensa verknad.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller trua artar vert råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje landbruksareal.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ubetydelege verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Liten positiv	Liten positiv	Tiltaket vil medføra tryggare parkeringstilhøve og såleis medverka til redusert risiko. <i>Fareidentifikasjon: Ingen.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil i seg sjølv ikkje medføra auka transport.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk av born og unge, og heller ikkje aktuelt for slik bruk.
Samla vurdering			Liten positiv	Samla konsekvens vert vurdert som liten positiv, då dette ver meir ordna parkeringstilhøve.
Konklusjon				Tiltaket har liten positiv konsekvens, og vert difor teke med i planforslaget, blant anna som parkering for badeplassen og planlagt småbåthamn (det kan verte aktuelt med anna parkering til denne, t.d. utfylling).

A13, Ostereidet

Eigedom: 11/91

Storleik: Ca. 5,5 dekar

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: Anna byggeområde – trafostasjon

Områdeskildring: Området ligg inntil E39 ved det søndre innløpet til Bjørsviktunnelen. BKK har planar om oppføring av ein ny transformatorstasjon, som er naudsynt for utbetring av lokalnettet i Ostereidet-området.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket har stor samfunnsnytte, og vert difor definert å vera i samsvar med målsetjingane.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap klassifisert som middels breie fjordløp (Hindenesfjorden/Osterfjorden). Området kan vera synleg frå lang avstand, men området ligg ved ei vegskjering og under kraftledning.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv.
Naturmangfald	Høg	Liten negativ	Liten negativ	Det går eit villtrekk like vest for området, som er eit av dei viktigaste hjortetrekka i regionen. Med denne plasseringa av trafostasjonen, vil påverknaden på dette vere minimal. Det ligg elles eit leveområde for storfugl like nordvest for området.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje landbruksareal, men det går ein skogsveg i området. Denne må ikkje stengast.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa, då det ikkje ligg bustader i nærleiken.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Avkøyrsla til området er lite eigna ut frå trafikktryggleik, men transport vil berre skje i anleggsfasen og ved vedlikehald/inspeksjon. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje medføra auka transport eller ureina på andre måtar.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk av born og unge, og heller ikkje aktuelt for slik bruk.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert som ubetydeleg.
Konklusjon				Tiltaket har stor samfunnsnytte og ingen vesentlege, negative konsekvensar.

SN2 og SN3, Spurkeland

Eigedom: 176/1

Storleik: Ca. 10 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF spreidd næringsbebyggelse / fritids- og turistføremål

Områdeskildring: Det er ønske om å utvikle ein "vikinglandsby" i tilknytning til gardstunet med føremål tursime, leiropphald, hytteutleige og festlokale. Det aktuelle arealet ligg like nord for tunet på garden og er relativt flatt og består for det meste av innmarksareal.


Dette er ei oppdatering av KU frå 1. gongs høyring.



Vurdering ut frå målsetjingane: Innspelet er i samsvar med målet om at nye næringsområde skal ha ei attraktiv lokalisering, ha rom for framtidig utviding og ikkje vera i konflikt med bustadområde. Tiltaket er også i samsvar med mål om å styrke busetnaden i grendene.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Landbruk.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Høg	Liten negativ	Liten negativ	Ligg i eit område karakterisert som middels breie fjordløp (Seimfjorden). Området er eit verdfullt kulturlandskap som er viktig å ta vare på. Særleg utleigehytter vil bryte med eksisterande struktur i området og i nokon grad endre landskapsbiletet. Dette kan avbøtast gjennom føresegner for utforming av bygg og landskapstilpassing.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er innmark og såleis ikkje av verdi for friluftsliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar eller viktige naturtypar i området. I Artskart er det registrert tre nær truga artar i nærområdet; stare, gråspett og vipe. I tillegg er det registrert ein sårbar art; dvergspett. Det er ikkje truleg at tiltaket vil ha negative verknader for desse artane.
Landbruk	Høg	Middels negativ	Middels negativ	Området ligg innafor kjerneområde landbruk. Tiltaket vil medføre omdisponering av ca. 10 dekar jordbruksareal, der det meste er beite. Det vil også gå med noko fulldyrka og overflatedyrka mark. Tiltaket vil vere knytt opp mot jordbruket, slik at det ikkje vil undergrave gardsdrifta, men heller bygge opp om denne.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Ingen registrerte kulturminne innafor området. Tiltaket vil kunne medføre noko endra preg på kulturmiljøet i området.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Området er ikkje utsett for jordskred eller liknande, då området er slakt og dei brattaste partia er grunnlendte. Tiltaket vil kunna medføra noko auka trafikkfare

				grunna eit dårleg vegnett. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket vil medføre noko auka bilkøyring og ureining som følgje av dette.
Born og unge	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje av verdi for born og unge.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ med avbøtande tiltak i form av føresegner.
Konklusjon				Innspelet vert teke med i planforslaget med areal for langhus (SN2) og utleigehytter (SN3). Det er føreslått føresegner som sikrar god landskapstilpassing og utforming av utleigehyttene. Det kan etablerast inntil 10 hytter og maks BRA per hytte er 50 m ² . Området vert sett av til LNF med opning for spreidd næringsverksemd.

SN1, A1, A2 og #10, Dyrkolbotn

Eigedom: 247/10 og 15

Storleik: Ca. 90 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF spreidd næring, spreidd naust, friområde, renseanlegg



Områdeskildring: Området ligg ved sørenden av Botnavatnet, der det i dag ligg leirskule/gjestehus. Området består for det meste av myr, berg og fjellbjørk.

Dette er ein oppdatert KU etter 1. gongs høyring. Endring: Område for spreidd næring er flytta 20 m mot nord og vegen er føreslått lagt om for å gje større plass til friområde, som òg er utvida. I tillegg er føresegnene justert.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er i samsvar med målet om å styrke busetnad og næringsverksemd i grendene. Innspelet er òg i samsvar med måla om at nye næringsområde skal ha ei attraktiv lokalisering, ha rom for framtidig utviding og ikkje vera i konflikt med bustadområde.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Friluftsliv, natur.



SN1 = spreidd næring, A1 = friområde, A2 = renseanlegg, #10 = spreidd naust

Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Høg	Liten negativ	Liten negativ	Området er definert som lågfjellsdal, og markerer starten på Stølsheimen. Dette er eit fjellandskap med relativt urørt preg, som er viktig å ta vare på. Leirskulen ligg der frå før, og dei nye, planlagde tiltaka vil ha liten negativ innverknad på

				landskapet om dei vert bygd med god terrengtilpassing og ikkje vert for omfattande. Det er viktig å unngå inngrep for høgt oppe i lia, då dei vil kunne verte meir eksponert. Føresegnene er utforma for å ivareta dette.
Friluftsliv	Høg	Liten positiv	Liten positiv	Området er del av eit område som er registrert som eit svært viktig friluftsområde i det regionale friluftskartet. Leirskulen sine aktivitetar og bygg medverkar til at fleire får bruke området til friluftsliv og gjev moglegheiter for parkering og servering. Tiltaket vil difor ikkje ha negativ verknad på området sin verdi som friluftsområde, føresett at nye bygg vert plassert med omhu. Det vert opna for naust ved vatnet, samstundes som det vert sett av godt med areal til friområde. Vegen vert lagt om for å gje plass til eit større friområde, slik at det ikkje vert unødige slitasje på området ved elveutlaupet. Desse tiltaka vil vera positive for friluftslivet.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vert råka av tiltaka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje i bruk til landbruk. Det kan verta aktuelt med fjøs og noko oppdyrking i tilknytning til leirskulen. Dette vil i tilfelle ha positiv verdi for landbruket.
Helse	-	Middels positiv	Middels positiv	Tiltaka er positive for befolkninga si helse, då det medverkar til at fleire vert introdusert for friluftslivet.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innafor området.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Innspelet ligg i følgje skrednett.no innafor eit mogleg utlaupsområde for snøskred. Det vert i samsvar med uttalen frå NVE ved 1. gongs høyring sett av faresone skred med tilhøyrande føresegnar som sikrar at dette vert vurdert nærare ved søknad om tiltak. <i>Fareidentifikasjon: Snøskred.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaka vil medføre noko auka transport, men har elles ikkje vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Liten positiv	Liten positiv	Tiltaka vil ha positive verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg, då dei positive verknadane av tiltaka balanserer opp eventuelle negative verknader. Forslaget gjev rom for vidare utvikling av fjellstova, samstundes som dei store verdiane i området vert ivaretekne på ein god måte.
Konklusjon				Innspelet vert teke med i planframlegget som LNF med opning for spreidd næringsverksemd med eit grense på 3000 m ² BYA innafor SN1. Samla areal vert ca. 40 dekar. Det vert sett føresegnar til området som sikrar at nye tiltak vert utforma med omsyn til friluftsliv, natur og landskap. Det vert også lagt på faresone for skred. Det vert sett av eit areal for spreidd naustbygging, #10, med opning for eitt nytt naust i planperioden.

Det vert sett av eit friområde langs vatnet, A1, og gardsvegen vert føreslått lagt om for å gje eit større og meir funksjonelt friområde.

Ny gardsveg til Dyrkolbotn

Eigedom: 246/1 og 247/1

Storleik: Ca. 1,5 km


Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Tilkomstveg

Områdeskildring: Forslaget omfattar etablering av ny gardsveg til garden i Dyrkolbotn, langs vestsida av Botnavatnet. Det ligg frå før ein landbruksveg i sør del av området og i nord vil vegen følgja tidlegare planlagd trasé for turveg, og turvegen vil nytte same trasé. Bakgrunnen for forslag til ny veg, er rasfare langs dagens gardsveg.

Vurdering ut frå målsetjingane: Denne type tiltak er ikkje vurdert i målsetjingane.

Konflikt med andre målområde: Friluftsliv.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Høg	Middels negativ	Middels negativ	Området er definert som lågfjellsdal, og markerer starten på Stølsheimen. Dette er eit fjellandskap med relativt urørt preg, som er viktig å ta vare på. Med eit slikt inngrep vil området framstå som mindre urørt, noko som kan påverke opplevinga av landskapet. Gardsvegen er tenkt etablert delvis i eksisterande vegtrasé (i sør) og delvis etter ein sti (i nord), og vil verte smal og følgje terrenget. Slik legg ein til rette for god landskapstilpassing. I nord vil vegen dessutan gå saman med tidlegare føreslått gruslagd sti (jf. 1 gongs høyring av planen).
Friluftsliv	Høg	Liten negativ	Liten negativ	Området er del av eit område som er registrert som eit svært viktig friluftsområde i det regionale friluftskartet. Vegen vil gjera området mindre urørt, og difor kan det verta noko mindre attraktivt for friluftsliv.

Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekemstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Liten positiv	Liten positiv	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket. Vegen vil gje tryggare gardsveg, noko som er positivt for drifta av garden.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Tiltaket vil gje tryggare tilkomst til busetnaden, noko som er positiv for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Middels positiv	Middels positiv	I nord vil vegen ligga i utkanten av eit område som i aktsemdskartet på skrednett.no er vist som utløpsområde for snøskred og steinsprang. Vegen er likevel langt mindre rasutsett enn eksisterande trasé, og i sum er tiltaket difor positivt. <i>Fareidentifikasjon: Snøskred, steinsprang.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Vegen vil ikkje medføra vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg, når positive og negative verknader vert vurdert opp mot kvarandre.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då konsekvensane er ubetydelege og det er viktig å sikra trygg tilkomst til busetnad i kommunen.

SF1, Nappane

Eigedom: 129/9

Storleik: Ca. 1,4 dekar

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: Spreidd fritidsbusetnad

Områdeskildring: Området ligg på Nappane i nærleiken av eksisterande bustad- og fritidsbustadutbygging. Arealet er tilgrodd med blandingsskog.

Vurdering ut frå målsetjingane: Det er i samsvar med målsetjingane å opna for små hyttefelt i utkantane av kommunen.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Ingen.




Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er definert som middels breie fjordløp, og landskapet tek lett opp i seg mindre inngrep. Hyttene vil liggja nær eksisterande bygg, og vil ikkje verta liggjande i silhuett.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje vesentlege verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje registrert skredfare i området. Auka trafikk kan medføra auka trafikkfare, men to hytter vil påverke dette lite. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Hytter medfører generelt meir transport.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då konsekvensane er ubetydelege og det er i samsvar med målsetjingane. Det vert opna for to hytter i planperioden, jf. føresegnene.

SF1, Nappane**Eigedom:** 129/9**Storleik:** Ca. 1,4 dekar**Noverande arealbruk:** LNF**Føreslått arealbruk:** Spreidd fritidsbusetnad

Områdeskildring: Området ligg på Nappane i nærleiken av eksisterande bustad- og fritidsbustadutbygging. Arealet er tilgrodd med blandingsskog.

Vurdering ut frå målsetjingane: Det er i samsvar med målsetjingane å opna for små hyttefelt i utkantane av kommunen.

Måloppnåing: Høg.**Konflikt med andre målområde:** Ingen.


Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er definert som middels breie fjordløp, og landskapet tek lett opp i seg mindre inngrep. Hyttene vil liggja nær eksisterande bygg, og vil ikkje verta liggjande i silhuett.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er ikkje aktuelt for friluftsliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje vesentlege verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Det er ikkje registrert skredfare i området. Auka trafikk kan medføra auka trafikkfare, men to hytter vil påverke dette lite. <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Hytter medfører generelt meir transport.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då konsekvensane er ubetydelege og det er i samsvar med målsetjingane. Det vert opna for to hytter i planperioden, jf. føresegnene.

Turveg på Stranda**Eigedom:** Mange**Storleik:** Ca. 700 m**Noverande arealbruk:** LNF, bustadføremål, fritidsbusetnad**Føreslått arealbruk:** Turveg

Områdeskildring: Turvegen er tenkt opparbeidd som gruslagd turveg. Den er plassert i eit terreng med små høgdeforskjellar og gjennom både bygde og ubygde område.

Vurdering ut frå målsetjingane: Denne type tiltak er det ikkje sett eigne målsetjingar for.
Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:				
Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området er definert som middels breie fjordløp (Hindenesfjorden). Dette er eit landskap som lett tek opp i seg mindre inngrep. Turvegen vil følgja terrenget og vil ikkje medføra store inngrep.
Friluftsliv	Middels	Middels positiv	Middels positiv	Tiltaket er svært positivt for friluftslivet og vil bidra til betre tilgang til strandsona. Stien i seg sjølv vil ikkje gjera inngrep i områda ned til sjøen.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Middels positiv	Middels positiv	Turvegen vil verka positivt for folkehelsa, då det vert enklare for folk å koma i fysisk aktivitet i nærområdet.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Liten positiv	Liten positiv	Turvegen vil medføra mindre gangtrafikk langs fylkesvegen og slik medverka til betre trafikktryggleik. <i>Fareidentifikasjon: Ingen.</i>
Miljø og klima	-	Liten positiv	Liten positiv	Tiltaket kan medføra at fleire nyttar beina i staden for å køyra på korte turar.
Born og unge	-	Middels positiv	Middels positiv	Tiltaket vil gjera at born og unge kan ferdast tryggare.
Samla vurdering			Middels positiv	Samla konsekvens vert vurdert å vere middels positiv, ut frå særleg folkehelse/friluftsliv og trafikktryggleik.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det har positiv verdi og ikkje er i konflikt med andre interesser.

AN1 og FB13, Myksvoll

Eigedom: 63/38

Storleik: Ca. 0,3 dekar

Noverande arealbruk: Fritidsbusetnad


Føreslått arealbruk: Anna byggjeområde, naust

Områdeskildring: Det er føreslått eit naustområde i eit område tidlegare avsett til fritidsbusetnad. Området består av bratt svaberg og dominert av omkringliggjande bygg. Området er tenkt som erstatning til FN10, som fekk motsegn ved 1. gongs høyring av planen. Området FN10 vert såleis teke ut av planen, og i staden vert badeområde FB13 utvida.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

Måloppnåing: Høg.

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap definert som småfjord og storsund. Myksvoll ligg i eit ope fjordlandskap som lett tek opp i seg mindre inngrep. Strandsona i området er frå før i stor grad nedbygd med naust og hytter.
Friluftsliv	Middels	Liten positiv	Liten positiv	Strandsona ved AN1 er ikkje eigna til bading eller anna friluftsliv, og tiltaket vil difor ikkje påverka friluftslivet negativt. Badeområdet vert utvida sør for Myksvoll kai, då dette området er attraktivt for allmenta.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Liten positiv	Liten positiv	Utviding av badeområdet er positivt for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Avkøyrsla til naustområdet kan medføra auka trafikkfare. Kan vera utsett for havnivåauke, noko som er ivareteke i føresegnene <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik, havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Liten positiv	Liten positiv	Utviding av badeområdet kan vera positivt for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg. Ingen vesentlege interesser vert råka av naustområdet, medan utviding av badeområdet er positivt for friluftsliv og folkehelse.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det er i samsvar med målsetjingane for planarbeidet, og ikkje er i vesentleg konflikt med andre interesser.

AN17, Lauvås

Eigedom: 116/36

Storleik: Ca. 1,4 dekar

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: Anna byggeområde, naust

Områdeskildring: Det er ønskje om å setje av eit areal for naust slik at oppsitjarane på Tvibergøy og Tvibergnes får moglegheit for å lagra båtane sine, noko som manglar i dag. Det er ikkje vegframføring til øya, og det er difor viktig at det vert lagt til rette for lagring av båtar på fastlandssida.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er ikkje i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

Måloppnåing: Låg

Konflikt med andre målområde: Strandsone.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Området ligg i eit landskap definert som våg og smalsund. Inngrep vil verte relativt synlege i eit slikt landskap, noko som vert forsterka av at området er bratt og vil krevja ein del inngrep. Samstundes er det større inngrep like sør for området, og titlaket vil ikkje setja preg på landskapet.
Friluftsliv	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Strandsona i området kan brukast til bading/friluftsliv i nord. Samstundes er området relativt dårleg tilgjengeleg og lite aktuelt å nytta til slike føremål.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekemstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for temaet helse.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø vert råka.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Avkøyrsla til naustområdet kan medføra auka trafikkfare. Kan vera utsett for havnivåauke, noko som er ivareteke i føresegnene <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik, havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ingen verknader for born og unge.

Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ, først og fremst ut frå inngrepa dette medfører og trafikktryggleik.
Konklusjon				Naustområdet vert teke med i planforslaget ut frå at konsekvensane ikkje er så store og at tiltaket er viktig for å sikra oppsittjarane på Tvibergøy og Tvibergnes får tilfredsstillande tilkomst til eigedomane sine med plass for lagring av båt på fastlandssida. Føresetnad er reguleringskrav og at opptrekk/utsetjingsplass for båtar og veg ned vert tilgjengeleg for ålmenta.

Spreidd naust #1, Vikane

Eigedom: 214/3

Storleik: Ca. 0,1 dekar

Noverande arealbruk: LNF


Føreslått arealbruk: LNF med opning for spreidd naustbygging

Områdeskildring: Nausttomten ligg inntil ein tilkomstveg (langs vestsida) og nær inntil E39. Området er ei vik som er prega av inngrep frå vegbygging.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er ikkje i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

Måloppnåing: Låg

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap definert som middels breie fjordløp. Eitt enkelt naust vil vera eit minimalt inngrep i landskapet, og det aktuelle området er frå før prega av vegfyllingar.
Friluftsliv	Høg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona ved #1 er ikkje eigna til bading eller anna friluftsliv, då det er prega av vegfyllingar og trafikkstøy. Tiltaket vil difor ikkje påverka friluftslivet negativt. Sjøområdet utanfor er sett av til omsynssone friluftsliv, då det er viktig for blant anna båtliv.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området utanfor er avsett til omsynssone naturmiljø, då området er viktig for fuglelivet. Ingen registrerte viltførekomstar,

				viktige naturtypar eller raudlista artar vil likevel verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	På andre sida av riksvegen er det ein automatisk freda busetnadslokalitet. Bygningane på holmen like sør for nausttomten har verdi som kulturmiljø. Tiltaket vil truleg berre ha ubetydeleg verknad på kulturmiljøet.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Avkøyrsla til naustområdet kan medføra auka trafikkfare. Kan vera utsett for havnivåauke, noko som er ivareteke i føresegnene <i>Fareidentifikasjon: Trafikktryggleik, havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg. Ingen vesentlege interesser vert råka av eitt enkelt naust i området.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det har ubetydeleg konsekvens. Det vert opna for 1 nytt naust.

Spreidd naust #2, Kvamsvåg

Eigedom: 141/20

Storleik: Ca. 0,2 dekar

Noverande arealbruk: Bustadføremaal

Føreslått arealbruk: LNF med opning for spreidd naustbygging

Områdeskildring: Nausttomten ligg i eit område som er sterkt prega av bygging i form av bustader og naust heilt ned i sjøkanten. Den aktuelle tomten har frå før inngrep i form av kaianlegg. Området utanfor er i sett av til småbåthamn.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Ingen.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap definert som middels breie fjordløp. Eitt enkelt naust vil

				vera eit minimalt inngrep i landskapet, og det aktuelle området er frå før prega av ei lang rekke byggjetiltak.
Friluftsliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona ved #2 er ikkje eigna til bading eller anna friluftsliv, då det er privatisert og prega av tidlegare inngrep. I tillegg er det svært bratt ned mot sjøen.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket vil ikkje medføra auka trafikkfare, men kan vera utsett for havnivåauke. Sistnemnde er ivareteke i føresegnene. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Ubetydeleg	Samla konsekvens vert vurdert å vere ubetydeleg. Ingen vesentlege interesser vert råka av eitt enkelt naust i området.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det har ubetydeleg konsekvens og er i samsvar med målsetjingane. Det vert opna for 1 nytt naust.

Spreidd naust #4, Hoplandsvågen

Eigedom: Felleseige

Storleik: Ca. 0,5 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF med opning for spreidd naustbygging

Områdeskildring: Dette er eit eksisterande naustområde med 8 eksisterande naust, ein del av desse er gamle. Området ligg i Hoplandsvågen inst i Seimsfjorden.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

Måloppnåing: Middels

Konflikt med andre målområde: Strandsone.



Detaljert vurdering:


Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap definert som middels breie fjordløp. Det vert opna for at eksisterande naust kan erstattast av nye dersom dei gamle nausta ikkje kan setjast i stand. Sidan talet på naust ikkje vert endra, og føresegnene sikrar tilpassing til eksisterande naustmiljø, vert konsekvensen for landskapet ubetydeleg.
Friluftsliv	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona i området er delvis attraktiv, men sidan det ikkje vert opna for nye naust, er konsekvensane for friluftslivet ubetydelege.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne. Området er i seg sjølv eit kulturmiljø som bør ivaretakast. Det er slått fast i føresegnene at bygningsmiljø og eldre bygningar bør ivaretakast, og at nye tiltak skal tilpassast eksisterande kulturmiljø.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket kan vera utsett for havnivåauke, noko som er ivareteke i føresegnene. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ, ut frå omsynet til ivaretaking av kulturmiljøet. Konsekvensen av dette er redusert gjennom føresegnene.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det er i samsvar med målsetjingane og ikkje har vesentlege negative konsekvensar. Det vert ikkje opna for nye naust i planperioden, men naust i dårleg forfatning kan erstattast av nye.

Spreidd naust #5, Fammestadvågen**Eigedom:** 24/4**Storleik:** Ca. 0,2 dekar**Noverande arealbruk:** LNF**Føreslått arealbruk:** LNF med opning for spreidd naustbygging

Områdeskildring: Dette er eit eksisterande naustområde med 2 eksisterande naust. Området ligg inst i den smale Fammestadvågen. Det er opna for småbåthamn lenger ute i vågen.

Vurdering ut frå målsetjingane: Tiltaket er i samsvar med målet om å opna for utviding/fortetting av eksisterande naustområde der tilhøva ligg til rette for det.

*Måloppnåing: Middels**Konflikt med andre målområde: Strandsona.*



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Området ligg i eit landskap definert som småfjord og storsund. Det vert opna for eitt nytt naust. Landskapet vil verte lite påverka av tiltaket.
Friluftsliv	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Strandsona i området ikkje attraktiv for bading og liknande, og konsekvensen for friluftslivet er ubetydeleg.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekemstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vil verte råka.
Landbruk	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket har ikkje verknader for landbruket.
Helse	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne. Området er delvis eit kulturmiljø som bør ivaretakast. Det er slått fast i føresegnene at bygningsmiljø og eldre bygningar bør ivaretakast, og at nye tiltak skal tilpassast eksisterande kulturmiljø.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket kan vera utsett for havnivåauke, noko som er ivareteke i føresegnene. <i>Fareidentifikasjon: Havnivåauke.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for miljø og klima.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ, ut frå omsynet til ivaretaking av kulturmiljøet. Konsekvensen av dette er redusert gjennom føresegnene.
Konklusjon				Tiltaket vert teke med i planframlegget, då det er i samsvar med målsetjingane og ikkje har vesentlege negative konsekvensar. Det vert opna for 1 nytt naust i planperioden.

Akvakultur Langøy

Storleik: Ca.

Noverande arealbruk: Fleirbruksområde i sjø


Føreslått arealbruk: Akvakultur

Områdeskildring: Søknad om utviding av MTB for akvakulturlokaliteten ved Langøy ved Sundsbø er til handsaming. Det er søkt om utviding frå 780 t til 3120 t. Denne utviding vil halda seg innafor eksisterande areal avsett i arealdelen av kommuneplanen. Det vert føreslått at arealet vert utvida, slik at det vert moglegheiter for at ein i framtida kan plasserast meir moderne og plasskrevjande anlegg. Desse er sikrere mot rømming og betre for fiskehelsa.

Vurdering ut frå målsetjingane: Akvakultur er i ikkje omtala i målsetjingane.

Måloppnåing: -

Konflikt med andre målområde: Strandsone, friluftsliv, naturmangfald.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Området ligg i eit landskap definert som breie fjordløp/fjordmunningar. Dette er eit ope og vidt landskap som har lett for å ta opp i seg nye inngrep, utan at dei vert dominerande. Strandsone i området er del av ein relativt urørt strekning. Utvida areal vil medføra auka påverknad på landskapet.
Friluftsliv	Høg	Middels negativ	Middels negativ	Området er mest aktuelt for friluftsliv knytt til bruk av båt, og i mindre grad frå land. Akvakultur legg beslag på store areal og vil redusera moglegheitene for fritidsfiske og friluftsliv, samstundes som badeplassar kan bli ureina. Heile området inntil lokaliteten er vist som friluftsområde i sjø. Det er områda sør og nord for lokaliteten som er mest attraktive.
Naturmangfald	Høg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	I områda sør for lokaliteten, ved Grøningane, er det i Artskart registrert artar som svartand (NT), fiskemåke (NT) og makrellterne (VU). Grøningane er sjøfuglreservat med vekt på fiskemåke, makrellterne og raudnebbterne. Det er i kommunen sitt viltkart registrert yngleområde for havørn og oter i influensområdet. Aktivitet rundt lokaliteten vil truleg i liten grad påverka fuglelivet negativt. Utviding av arealet vil ikkje medføra meir aktivitet.
Landbruk og fiske	Middels	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil kunna påverka yrkesfiske negativt, men kommunen har ikkje kjennskap til verdien av dette området for fiskeinteressene. Utviding av arealet medfører ubetydeleg auka belastning.
Helse	-	Liten negativ	Liten negativ	Redusert verdi av friluftsområda kan vera negativt for folkehelsa.

Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Utviding er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne.
Risiko og sårbarheit	-	Middels positiv	Middels positiv	Rømming av fisk og utslepp frå anlegget vil kunna påverka miljøet negativt. I tillegg kjem spreiding av fiskesjukdomar. Utviding av området vil gje plass til eit meir moderne anlegg, som reduserer desse risikoane. <i>Fareidentifikasjon: Ingen.</i>
Miljø og klima	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Utvidinga av arealet vil ikkje medføra vesentleg auke i klimagassutslep.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Liten negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vere liten negativ.
Konklusjon				Det vert lagt vekt på at utviding av arealet gjev rom for eit meir moderne anlegg som er meir rømnings sikre og som gjev grunnlag for betre fiskehelse. Utvidinga av arealet vil heller ikkje påverka registrerte interesser i området i vesentleg auka grad.

Akvakultur Ådnøy

Storleik: Ca.

Noverande arealbruk: Fleirbruksområde i sjø


Foreslått arealbruk: Akvakultur

Områdeskildring: Denne akvakulturlokaliteten har ikkje konsesjon i dag. Det er ønskje om å etablere akvakultur her, og anlegget er foreslått flytta noko og vesentleg utvida i storleik. Dette vil gje rom for både større biomasse og meir moderne anlegg.

Vurdering ut frå målsetjingane: Akvakultur er i ikkje omtala i målsetjingane.

Måloppnåing: -

Konflikt med andre målområde: Strandsone, friluftsliv, naturmangfald.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Stor negativ	Stor negativ	Området ligg i eit landskap definert som breie fjordløp og fjordmøter. Dette er eit ope og vidt landskap som har lett for å ta opp i seg nye inngrep, utan at dei vert dominerande. Ådnøy er frå før urørt av inngrep, og etablering av eit nytt, stort anlegg vil i stor grad påverka landskapet i nærområdet.

Friluftsliv	Middels	Middels negativ	Middels negativ	Området er berre aktuelt for friluftsliv knytt til bruk av båt. Akvakultur legg beslag på store areal og vil redusera moglegheitene for fritidsfiske og friluftsliv, samstundes som badeplassar kan bli ureina. Området rundt lokaliteten er vist som fleirbruksområde i sjø.
Naturmangfald	Høg	Stor negativ	Stor negativ	Den søraustlege del av Ådnøy er sjøfuglreservat, med vekt på makrellterne og raudnebbterne. Det er òg registrert teist (VU), toppdykkar (NT) og fiskemåke (NT) i Artskart. I kommunen sitt viltkart er det registrert havørn i influensområdet. Aktivitet rundt eit anlegg for akvakultur vil verka forstyrrande på fuglelivet.
Landbruk og fiske	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket vil kunna påverka yrkesfiske negativt, men kommunen har ikkje kjennskap til verdien av dette området for fiskeinteressene.
Helse	-	Liten negativ	Liten negativ	Redusert verdi av friluftsområda kan vera negativt for folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Anlegget er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Rømming av fisk og utslepp frå anlegget vil kunna påverka miljøet negativt. I tillegg kjem spreing av fiskesjukdomar. Utviding av området vil gje plass til eit meir moderne anlegg, som reduserer desse risikoane. <i>Fareidentifikasjon: Ureining, fiskerømming.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Etablering av ny lokalitet for akvakultur vil medføra auka klimagassutslepp.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Stor negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vera stor negativ, med vekt på konsekvens for landskap og naturmangfald.
Konklusjon				Området vert føreslått teke inn i planen med endra plassering og storleik i høve til eksisterande plan. Det vert lagt vekt på behovet for å gje akvakulturnæringa gode rammer for framtida.

Akvakultur Ospeneset

Storleik: Ca.

Noverande arealbruk: Fleirbruksområde i sjø


Føreslått arealbruk: Akvakultur

Områdeskildring: Ospeneset ligg like nord for Sævrås. Denne akvakulturlokaliteten har konsesjon i dag. Det er ønskje om å etablere akvakultur her, og anlegget er foreslått utvida i storleik. Dette vil gje rom for både større biomasse og meir moderne anlegg.

Vurdering ut frå målsetjingane: Akvakultur er i ikkje omtala i målsetjingane.

Måloppnåing: -

Konflikt med andre målområde: Strandsone, friluftsliv.



Detaljert vurdering:

Tema	Verdi	Påverknad	Konsekvens	Merknad
Landskap	Middels	Stor negativ	Stor negativ	Området ligg i eit landskap definert som breie fjordløp og fjordmøter. Dette er eit ope og vidt landskap som har lett for å ta opp i seg nye inngrep, utan at dei vert dominerande. Området er relativt urørt, og dette vil såleis verta eit nytt inngrep. Konsekvensen vil truleg verta størst sett frå Masfjord-sida.
Friluftsliv	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Nærområdet til lokaliteten er ikkje aktuelt for friluftsliv, men det er område i nord og sør som er i bruk og som er sett av til friluftsområde i sjø i kommuneplanen. Påverknaden av desse områda vil truleg vera moderat.
Naturmangfald	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Ingen registrerte viltførekomstar, viktige naturtypar eller raudlista artar vert råka.
Landbruk og fiske	Middels	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket vil kunna påverka yrkesfiske negativt, men kommunen har ikkje kjennskap til verdien av dette området for fiskeinteressene.
Helse	-	Liten negativ	Liten negativ	Tiltaket vil truleg påverka Masfjord-sida, og det er først og fremst forringa utsikt som kan påverka folkehelsa.
Kulturminne og kulturmiljø	Låg	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Anlegget er ikkje i konflikt med registrerte kulturminne.
Risiko og sårbarheit	-	Liten negativ	Liten negativ	Rømming av fisk og utslepp frå anlegget vil kunna påverka miljøet negativt. I tillegg kjem spreining av fiskesjukdomar. Utviding av området vil gje plass til eit meir moderne anlegg, som reduserer desse risikoane. <i>Fareidentifikasjon: Ureining, fiskerømming.</i>
Miljø og klima	-	Liten negativ	Liten negativ	Etablering av anlegg for akvakultur vil medføra auka klimagassutslepp.
Born og unge	-	Ubetydeleg	Ubetydeleg	Tiltaket vil ikkje ha verknader for born og unge.
Samla vurdering			Middels negativ	Samla konsekvens vert vurdert å vera middels negativ, med vekt på konsekvensen for landskapet.
Konklusjon				Området vert føreslått teke inn i planen med endra storleik i høve til eksisterande plan. Det vert lagt vekt på behovet for å gje akvakulturnæringa gode rammer for framtida og at konsekvensen for andre tema enn landskap er liten.

Vurderingar av areal utan KU

Hodnali


Storleik: Ca. 25 dekar

Noverande arealbruk: AKe og NFFF

Føreslått arealbruk: Akvakultur



Eksisterande arealdel med anlegget innteikna



Føreslått justering i ny arealdel

Områdeskildring: Anlegget ligg i Rekevika ved Hodnali. Lokaliteten er i drift og nesten heile anlegget ligg utanfor arealet sett av til akvakultur i eksisterande arealdel.

Vurdering: Det er ønskeleg at arealet vert flytta slik at det samsvarer med lokaliteten som faktisk er i bruk, samstundes som lokaliteten det er gjeve konsesjon for ligg innafor grensene. Dette vil gje noko plass for eit meir moderne anlegg, samstundes som det ikkje vert opna for utviding av biomassen. Dette er ikkje ønskeleg, då dette vil medføra auka ureining av eit gyteområde som ligg i nærleiken av lokaliteten.


Konklusjon: Arealet sett av til akvakultur vert justert slik som føreslått over.

Gjelsvik


Storleik: Ca. 45 dekar

Noverande arealbruk: AKe og NFFF

Føreslått arealbruk: Akvakultur



Eksisterande arealdel med anlegget innteikna



Føreslått justering i ny arealdel

Områdeskildring: Anlegget ligg ved Gjelsvik. Lokaliteten er i drift og det aller meste av anlegget ligg innafør areal sett av til akvakultur.

Vurdering: Ei justeringa vil ikkje opne for auka biomasse, og verknadene vil difor vere minimale. Arealet vert justert slik at både arealet i eksisterande arealdel og arealet det faktisk er gjeve konsesjon for vert liggjande innanfor arealføremålet akvakultur. Arealet vert då stort nok til at det vert plass til eit meir moderne og plasskrevjande anlegg.

Konklusjon: Arealet justert slik som føreslått over.

Veland


Storleik: Ca. 30 dekar

Noverande arealbruk: AKe og NFFF

Føreslått arealbruk: Akvakultur



Faktisk situasjon



Føreslått justering i ny arealdel

Områdeskildring: Anlegget ligg på Veland, utanfor eit område som er sett av til næringsareal på land. Lokaliteten er i drift og det aller meste av anlegget er plassert lenger ut enn det arealet som er sett av til føremålet i eksisterande plankart. Plasseringa er nokolunde i samsvar med gitt konsesjon.

Vurdering: Justeringa vil ikkje opne for ei utviding av anlegget, og verknadene vil difor vere minimale. Det vert ikkje sett av vesentleg buffer rundt området for framtidig modernisering av anlegget, då lokaliteten er konfliktylt og større påverknad av landskapet og folkehelsa ikkje er ønskjeleg. Ved å justere lokaliteten til faktisk plassering i dag, imøtekjem ein langt på veg akvakulturnæringa sitt behov.

Konklusjon: Arealet sett av til akvakultur vert justert i samsvar med faktisk situasjon og gitt konsesjon.

Gangstø


Storleik: Ca. 2 dekar

Noverande arealbruk: AKe og NFFF

Føreslått arealbruk: Akvakultur



Faktisk situasjon



Føreslått justering i ny arealdel

Områdeskildring: Anlegget ligg i Gangstøa mellom Åsgard og Hindenes. Lokaliteten er i drift og anlegget ligg på ein annan stad enn det er sett av i arealdelen av kommuneplanen. Dette samsvarer heller ikkje med gitt konsesjon, som ligg like utanfor.

Vurdering: Kommunen ønskjer å vera positiv til eksisterande anlegg. Det er ønskeleg at arealet vert flytta slik at det samsvarer med lokaliteten som er i bruk og gitt konsesjon. Dette vil ikkje opne for vesentleg større inngrep enn det er gjeve konsesjon for, og verknadene vil difor vere minimale.


Konklusjon: Arealet sett av til akvakultur vert flytta i samsvar med faktisk situasjon og gitt konsesjon.

Padøy

Storleik: Ca.

Noverande arealbruk: Akvakultur, fleirbruksområde i sjø, låssetjingsplass

Føreslått arealbruk: Akvakultur



Områdeskildring: Lokaliteten ligg på vestsida av Padød, ved innseglinga mot Eikefet. Lokaliteten har ikkje drift i dag, men er gjeven konsesjon for skjeldyrking, noko området er svært godt eigna til. Arealet i eksisterande arealdel er vesentleg mindre enn arealet det er gjeve konsesjon for.

Vurdering: Kommunen ønskjer å vera positiv til eksisterande konsesjonar. Det er ønskeleg at arealet vert flytta og utvida slik at det samsvarer med lokaliteten som er gjeven konsesjon. Dette vil ikkje opne for vesentleg større inngrep enn det som tidlegare har vore i drift, og konsekvensen vert difor rekna som minimal.


Konklusjon: Arealet sett av til akvakultur vert flytta i samsvar med gjeven konsesjon.

B39, Seim

Storleik: Ca. 1 dekar

Noverande arealbruk: LNF og bustadføremål

Føreslått arealbruk: Bustadføremål og LNF



Områdeskildring: Området er ein spreiddbygd del av Seim, sørvest for "sentrum". Det er 3 frådelt bustadtommer i området.

Vurdering: Endringa er ei justering av eksisterande arealdel i samsvar med løyve gjeve i delings sak. Ca. 1 dekar går frå LNF til bustadareal (oransj på ortofoto over), og ca. 1 dekar går frå bustadføremål til LNF (gult på ortofoto over). Konflikte med landbruk og andre interesser vert difor rekna som minimal.

Konklusjon: Sidan justeringa er i samsvar med vedtak i delings sak, vert justeringa teke inn i planen.

Nautevågen (badeområde)


Eigedom: 106/9 og 26

Storleik: 39 964 m²

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone – friluftsområde

Områdeskildring: Området omfattar eit areal som er i bruk som offentleg badeplass. Det er opparbeida parkering og tilkomst til området. Området ligg skjerma og er attraktivt for bading og friluftsliv.



Vurdering: Det er naturleg å vise området som friluftsområde/badeområde i arealdelen av kommuneplanen i samsvar med etablert bruk og avtale mellom BOF og grunneigarane. Dette vil også synleggjere området sin status. Arealet er redusert i storleik sidan 1. gongs høyring, då ein ikkje ønskjer å gå ut over avtalen som er gjort med BOF.

Konklusjon: Området vert teke inn i planframlegget som område for friluftsliv/bading i samsvar med avtalen mellom grunneigarane og BOF.

F15, Trossavatnet (badeområde)

Eigedom: 24/3 og 4

Storleik: Ca. 1,5 dekar

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: Badeområde

Områdeskildring: Området omfattar eit areal som er i bruk som badeplass ved Trossavatnet på Kløve. Området ligg nær Fammestadvågen.



Vurdering: Det er mangel på badeområde i denne del av kommunen, og det er ønskeleg å sikra ein slik moglegheit for lokalbefolkninga. Dette er viktig for folkehelse og trivsel.

Konklusjon: Området vert teke inn i planframlegget som område for badeområde.


oK4, Fosse (omsynssone kulturmiljø)

Eigedom: 146/4 og 7

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF med omsynssone kulturmiljø

Områdeskildring: Området omfattar eit gravfelt med 7 gravhaugar som ligg i eit tidlegare beiteområde på Fosse.



Vurdering: Det er ønskeleg å synleggjera særleg viktige kulturminneområde for å sikra at dei vert ivaretekne på ein god måte for framtida. Det er viktig å sjå heile området i samanheng, og ikkje berre kvar gravhaug for seg. Det er sett av ei tilsvarande sone nærare sjøen, med liknande kvalitetar.

Konklusjon: Området vert teke inn i planframlegget som omsynssone kulturmiljø for å sikra dei store kulturminneverdiane betre for framtida.


Myking middelalderkyrkjegard

Eigedom: 37/6

Noverande arealbruk: LNF

Føreslått arealbruk: LNF med
bandleggingssone kulturminne

Områdeskildring: Området omfattar Myking middelalderkyrkjegard med ei sikringssone på 5 m. Området er automatisk freda etter kulturminnelova.



Vurdering: Det er ønske frå Hordaland fylkeskommune at middelalderkyrkjegarden vert vist som bandleggingssone. Dette er i samsvar med kulturminnelova. Det er viktig å synleggjera slike verdjar i kommuneplanen for å unngå at det vert gjort inngrep i områda.

Konklusjon: Området vert teke inn med bandleggingssone H730, kulturminne.